

Bergen Rotary Klubb sin tur til Lübeck 24.- 28.04.2014

Tekst: Håkon Grønstøl - Foto: Vibecke og Fredrik Mehn-Andersen

Det er blitt tradisjon at klubben vår, annakvart år, reiser på tur. Dette er blitt ein svært populær tradisjon, noko den store interessa for å bli med på desse turane syner.

Det er ikkje tvil om at dei er med på å byggja opp under det gode sosiale miljøet i klubben. I år var det Lübeck som var målet for reisa vår. Byen har vore Bergen sin vennskapsby sidan 1996

Det er kasseraren vår, Fredrik Mehn-Andersen, som saman med kona si ,Vibecke, har hatt hovedansvart for planleggjing og gjennomføring av dei siste turane.

I god tid før kl 09.55 var dei spente deltakerane, 37 stykker i alt, møtt opp på Flesland flyplass.

Etter mellomlanding i København, var me framme i Hamburg der ein buss møtte oss og tok oss siste stykke til Lübeck.



Her vart me innkvarterte på hotell Atlantic, sentralt plassert i byen.

Etter litt tid på eiga hand, møttes me så til middag, invitert av ein av byens rotaryklubbar, "Rotary Klubb Lübeck." Dei hadde sine eige imponerende lokale i Schabbelhaus.

Ved sida av godt vertskap, god mat og drikke, gode samtalar, var det talar og gåveoverrekjing.

Dette siste tok presidentane i dei to klubbane seg av.

Det var Nils Tore Skogland som var president i vår klubb dette året.

Neste dag var frukosten unnagjort då me møtte dei to guidane våre. Dei delte gruppa i 2 og tok oss med på byvandring,

Det var tydeleg at også Lübeck er ein hansaby. I dag har byen ca 210 000 innbyggjarar og ligg i delstaten Schleswig-Holstein.

Mykje av byggestilen kjende me att frå vår eigen by

Det er også den byen i verda som har hatt flest nobelpristakerar som innbyggjarar. Dette er Gunter Grass, Thomas Mann og Willy Brandt.

På same måte som Bryggen i Bergen, er gamlebyen i Lübeck på Unesco si verdsarvliste.

Med omhyggeleg restaurering har ein langt på veg lukkast med å gjenskapa den bygningsmassen som gjekk tapt natt til palmesøndag 28. mars 1942 då byen, som den fyrste tyske storbyen, var bomba av engelske fly. 320 menneskje var drepne og 1044 bygningar var lagde i ruinar eller skada.



På rundturen vår, var me innom Günter Grass Haus. Günter Grass var kunstnar og nobelprisvinnar i litteratur. Nobelprisen fekk han i 1999

Etter ein god, tysk lunsj, la me vegen til Holsteintor Museum. Museet er ein del av bymuren som var oppført i siste del av 1400 talet. Holsteintor er i dag byen sitt varemerke og er mellom anna avbilda på emballasjen til byen sin spesialitet, marsipan.

Det var difor naturleg at turen deretter gjekk til Niedegger Salon der den berømte marsipanen vart produsert.



Her fekk me ein gjennomgang av produksjonen, avslutta med kaffi og - marsipankake.

På eiga hand tok me oss så fram til hotellet før me la vegen til Ratskeller til middag. Dette er ein av byen sine mest kjende restaurantar.

Neste morgon var me ute på vandring att.

Også denne dagen vart gruppa del i 2. Willy

Brandt Haus og Buddenbrook Haus stod på planen.

Willy Brandt (1913-1992) var fødd i Lübeck, seinare var han borgarmeister i Berlin, forbundskanslar og SPD partiformann.

Willy Brandt fekk Nobels fredspris i 1971.

Thomas Mann (1875 -1955) som budde i Buddenbrookhaus, er også fødd i Lübeck.

Han fekk nobelprisen i litteratur i 1929

Gruppene møttes så til lunsj og ettermiddagen var brukt til shopping og sightseeing på eiga hand i den spennande byen.



Neste dag bar det ut av Lübeck. Me skulle på dagstur til Rostock.

Dette er ein sjøfartsby, og ein av Tysklands største cruiseterminalar ligg her.

Det var naturleg å vitja det Maritime Museet i byen.

Rostock er kulturelt og økonomiske ein av dei viktigaste

byane i Tyskland. Me vitja også den imponerande Marienkirche der me finn ei av dei

eldste astronomiske klokkene i verda.

Turen gjekk også til torget Neuer Markt. Typisk for torget er dei typiske gavltakhusa og den spesielle arkitektueren av rådhuset.

Ein typiske tysk lunsj stod det på menyen denne dagen, også her i rådhuskjellaren, Ratskeller Rostock.

Bussen tok oss så attende til Lübeck, og denne kvelden var det Restorante Roberto



Rossi som var plassen der me fekk servert, nok ein framifrå middag.

Tida går fort i godt lag og turen gjekk mot slutten.

Me hadde sett ein god del av byen gjennom vandringane våre. Store deler av byen er avstengd for biltrafikk.

Denne dagen skulle me få sjå byen frå "vassida" Den gamle bydelen ligg på ei lita øy, naturleg forma ettersom elva Trave deler seg før gamlebyen og samlar seg igjen nedanfor øya.

Byen var difor lett å forsvara ettersom elveløpa utgjorde vollgraver og båtturen førde oss rundt denne øya.

Når vi vandrar rundt i byen, er det rødt som møter oss, mursteinsrødt. Det same såg me frå sjøsida. Dette kjem av at (mest) heile byen, frå middelalderen og fram til i dag er oppført i murstein - eller Backstein. Dette fører med seg at store deler av den historiske bebyggelsen er såkalla mursteinsgotikk.

Det er ikkje noko ulempe å ha ein direktør på Hanseatisk museum i medlemsflokken når ein skal på besøk til ein hansaby. Dette medlemmet var Marianne Nielsen. Ho gav råd i samband med førebuinga og var "kjentmann" undervegs.

Johan Frederik Mowinckel si erfaring og kunnskap var også med og la grunnlaget for det fine opplegget.

Etter nok ein god lunsj, var bussen på plass og tok oss attende til flyplassen i Hamburg.

Sjåføren vår kom frå nabobyen Wismar, og han meinte vi ikkje kunne forlata Tyskland før han hadde fått vist oss heimbyen sin. Wismar er også ein Hansaby og har fått plass på Unesco si verdsarvliste.

I 1259 inngjekk byen ein avtale med Lübeck og Rostock om å beskytta dei mot piratar som kom inn frå Østersjøen.

Me fekk sjå ein del av havneområdet og har stor forståelse for at sjåføren ville visa oss dette.

Også på heimturen var me nedom i Kjøbenhavn og i 22 tida hadde SAS fått oss alle trygt attende i Bergen.

Alle deltakerane retta ei stor takk til komitéen bak det flotte opplegget.